

## Innhald

---

### **1.0 Strategiplan**

#### **1.1 Strategiplan-kva og kvifor**

#### **1.2 Mål**

### **2.0 Arenaer for kulturaktivitet**

#### **2.1 Dei ulikearenaene**

#### **2.2 Mål**

### **3.0 Bremanger folkebibliotek**

#### **3.1 Innhald**

#### **3.2 Mål**

### **4.0 Kulturskulen**

#### **4.1 Innhald**

#### **4.2 Mål**

### **5.0 Den kulturelle skulesekken (DKS)**

#### **5.1 Innhald**

#### **5.2 Mål**

### **6.0 Den kulturelle spaserstokken (DKSS)**

#### **6.1 Innhald**

#### **6.2 Mål**

### **7.0 Kulturarbeid barn og unge**

#### **7.1.1 Bakgrunn**

#### **7.1.2 Mål**

#### **7.2 Barne og ungdomsaktivitet**

##### **7.2.1 Innhald**

##### **7.2.2 Mål**

#### **7.3 Ungdommens kulturmønstring (UKM)**

##### **7.3.1 Mål**

#### **7.4 European Voluntary Service (EVS)**

##### **7.4.1 Mål**

### **8.0 Kulturminnevern**

#### **8.1 Samarbeidspartnarar**

### **9.0 Idrett og friluftsliv**

#### **9.1 Turløyper og merking**

#### **9.2 Bremangerhallen**

#### **9.3 Svelgen idrettshus**

#### **9.4 Ballbingane**

#### **9.5 Andre idrett og friluftsanlegg**

#### **9.6 Mål**

### **10.0 Kontakt med lag og organisasjonar**

#### **10.1 Dei frivillige organisasjonane i Bremanger**

#### **10.2 Paraplyorganisasjonar**

#### **10.3 Mål**

- 11.0 Bremanger Sogenemd**
  - 11.1 Innhold**
  - 11.2 Mål**
- 12.0 Bremanger frivilligsentral**
  - 12.1 Innhold**
  - 12.2 Mål**
- 13.0 Samarbeidsfora**
- 14.0 Handlingsplan**
- 15.0 Kjelder**

## **1.0 Strategiplan**

---

### **1.1 Strategiplan – kva og kvifor**

I Bremanger kommune sitt vedtekne budsjett for 2017 og langtidsbudsjettet for perioden 2018-20 har kultureininga fått reduserte økonomiske rammer i driftsbudsjettet og det har vore naudsynt å revidere strategiplan eit år tidlegare enn opprinnleig planlagt for å avklare arbeidsområda som eininga skal ha fokus på i åra som kjem.

Kulturstrategien er det overordna styringsdokumentet for kommunen sitt kulturarbeid, og er styrande for dei prioriteringane som vert gjort administrativt og politisk i kommunen.

I arbeidet med strategiplanen har fagleiarar, kulturkonsulent og kultursjef utgjort arbeidsgruppa. Fagleiarane har hatt ansvar for å kome med innspel på dei respektive fagområda.

### **1.2 Mål**

- Sikre kvaliteten på kulturtilbodet som gis av Bremanger kommune.
- Spisse aktivitetane mot dei områda innan kulturfeltet som vert vurdert viktigast å jobbe med for Bremanger kommune.
- Organisere og systematisere aktivitetane driftseining kultur er ansvarlege for.

## **2.0 Arenaer for kulturaktivitet**

---

### **2.1 Dei ulike arenaene**

Bremanger har mange ulike kulturarenaer, både skulane, idrettshallane, gymsalane, uteanlegga og forsamlingshusa er viktige formidlingsarenaer for kultur. Driftseininga er i gjennom mellom anna kulturskulen ein aktiv brukar av fleire av bygga. Det er stor forskjell i bruksgraden av dei ulike arenaene, og også stor forskjell i standard.

### **2.2. Mål**

- Sikre Svelgen Samfunnshus som Bremanger sitt sentrale kulturbrygg.
- Halde kontakt med dei ulike skulane, styra for idrettshallane og styra for dei ulike forsamlingshusa som representer kulturarenaene våre, her også kulturbrygga drifta av private, samt kinoane. Det for å vere med å sikre gode arenaer både for kommunen og dei frivillige organisasjonane og ålmenta elles.

## **3.0 Bremanger folkebibliotek**

---

### **3.1 Innhold**

Biblioteket i Bremanger har to avdelingar, hovudbibliotek i Svelgen og ein filial på Hauge. Vi har 1, 95 stillingar fordelt på tre personar.

Biblioteket er ein møteplass og arena for demokrati og utjamning, for kompetanseheving og integrering. Det er ein stad folk i alle aldersgrupper kjem for å få låne, alt frå første besøka saman med barnehagen, via skulebesøk, foreldre som tek med seg borna for å låne bøker eller filmar, dei som driv vidareutdanning og treng studielitteratur, til eldre folk som kanskje har tid å setje seg ned for å lese dagens aviser eller treng hjelp til dataopplæring.

Biblioteket er mykje brukt av innvandrarar, det er ei stad dei kan skaffe seg litteratur på sitt opphavlege språk eller språkkurs for å lære norsk, men også ein stad å vere og låne på lik linje med alle andre brukarar av biblioteket. Eit bibliotek er ofte den første tenesta innflyttarar frå andre land oppsøkjer. Det er ein ideell integreringsarena, som har eit absolutt nullterskeltilbod.

Biblioteket har også samarbeid med andre avdelingar i kommunen. Biblioteket har og samarbeid med dei andre biblioteka i Nordfjord og har møte med dei to gongar i året, der det blir utveksla erfaringar og planlagt diverse arrangement.

Skulane og barnehagane får besøk av ein våre tilsette, som har spesialisert seg på formidling av litteratur for både barn og ungdom, frå ungdomsavdelinga i kommunen har vi fått ta del i EVS-prosjektet, som tek i mot volontørarar frå EU. Desse volontørane er her når vi har kveldsope og har kontakt med barn og ungdom som kjem hit. Av og til samarbeider vi med den kulturelle spaserstokken om forfattarbesøk og andre arrangement. Og vi samarbeider med NAV ved å ta i mot ungdom som skal ha arbeidstrening.

Hauge filial får nye lokale i 2017. Det blir eit bibliotek med god plass til å ta i mot skuleklassar for å formidle litteratur.

Etter at hovudbiblioteket fekk nye lokale har både besøk, utlån og aktivitet auka.

### **3.2 Mål**

Vi ønskjer å kunne tilby biblioteknester til institusjonsbrukarar og heimebuande som ikkje kjem seg til biblioteket, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Dei tilsette ønskjer å kunne delta på fleire nasjonale kurs, som Mikromarc og Bibliotekmøtet. Dette for å halde seg oppdatert i jobben. Biblioteket ønskjer å kunne halde fram med dei ulike samarbeida og utvikle dei vidare i åra framover.

Vi ønskjer å gjere også Hauge filial til ein naturleg møteplass, blant anna med fokus på ungdom på kveldstid.

Biblioteket ønskjer å få auka personalressursar for å kunne oppretthalde og utvide både tilbod og opningstider.

Biblioteket satsar særleg på barn og ungdom og vil tilby best mulig biblioteknester, og ønskjer difor å få oppretta ei full barne- og ungdomsbibliotekarstilling, helst med bibliotekfagleg eller pedagogisk kompetanse.

## **4.0 Kulturskulen**

---

### **4.1 Innhold**

Kulturskulen har i 2017 190 elevar som fyller 250 elevplassar. Av desse er 89 ein - til -ein undervisning, resten er grupper i visuelle kunstfag, band og andre bredde tilbod som blir gitt i gruppe. Skulen har 48 elevar på venteliste, alle desse ventar på instrumentopplæring eller dans. Kulturskulen gir i dag undervisning i musikk og visuelle kunstfag.

Kulturskulen gir undervisning i to programområder;

1. Breddeprogram
2. Kjerneprogram.

Desse programområda er detaljert beskriven i Rammeplan for kulturskule; "Mangfold og fordjuping".

Undervisning i Fordjupingsprogrammet vil vi tilby i samarbeid med nabokommunane, og Sogn og Fjordane kulturskuleråd.

### **4.2 Mål**

- Gi alle innbyggjarar i kommunen eit kulturskuletilbod; born, unge, vaksne, eldre og dei med spesielle behov.
- Tilby gratis undervisning innan "Breddeprogrammet" til born, unge og vaksne for å styrke integreringa i kommunen.
- Gi alle innbyggjarar i kommunen gode kulturopplevingar.
- Vere eit ressurssenter for kultur i kommunen.
- Vidareutvikle kulturskulens faglige innhald og aktivt utvikle nye tilbod i tråd med behova i lokalsamfunna.
- Gi undervisning innan musikk, visuelle kunstfag, dans og teater.

## **5.0 Den kulturelle skulesekken**

---

### **5.1 Innhold**

Kommunen sine primære oppgåver i DKS er:

- Drifte lokalt kulturforum. Fylket stiller krav om at det i kvar kommune er eit kulturforum som skal utarbeide den lokale delen av DKS.
- Kulturkontoret skal sikre eit kvalitativt godt tilbod til alle elevane i Bremangerskulane.

- Legge til rette for synergiar av fylkestilboda i DKS. Fylkestilboda kjem i tillegg til den lokale delen av DKS og utgjer ein sikringskost – meint som supplement til lokale planar.

Den kulturelle skulesekken har tre bein:

- To og tredimensjonal kunst
- Musikk, teater og film
- Lokal forankring

Den kulturelle skulesekken skal sikre eit profesjonelt kulturtildot til elevar i grunnskulen. Tildotet skal følgje ein plan laga i samarbeid mellom skule og kultur. Skulesekken er politisk forankra som eit forpliktande samarbeid mellom skulane og kultureininga.

## **5.2 Mål**

- Gi tilbod til alle klassesteg i alle tre fagområda.
- Gjennom skulesekken dekke dei krava som ligg til møte med kunst og kultur i læreplanverket.
- Alle skal oppleve det same, uavhengig av den desentraliserte skulestrukturen.

## **6.0 Den kulturelle spaserstokken**

---

### **6.1 Innhold**

Den kulturelle spaserstokken har hovudfokus på institusjonane, då bebruarane her ikkje moglegvis kan nytte ordinære kulturtildot.

Spaserstokken er bygd over same lesten som skulesekken lokalt, med tre tema eller område:

- Lokal forankring.
- Musikk, teater, film.
- To og tredimensjonal kunst.

## **6.2 Mål**

- Gi tilbod til alle institusjonane i alle tre fagområda.
- Tildotet skal ha høg grad av profesjonalitet og halde ein god standard.
- Samarbeide med Sogn og Fjordane Fylkeskommune for om mogleg å samkøyre enkeltarrangement frå skulesekken i spaserstokken.

## **7.0 Kulturarbeid barn og unge**

---

### **7.1.1 Bakgrunn**

Bremanger kommune har eit spesielt ansvar for å leggje til rette og følgje opp ungdom, også når det gjeld kultur, idrett og friluftsliv. Det er eit overordna mål å gje ungdom lavterskeltildot som ikkje ekskluderer på pris, kompetanse eller anna. Kulturarbeidet retta mot barn og unge skal vere med å gi trygge, spanande møteplassar, og vere med å gjere dei til gode og aktive innbyggjarar med ei brei kulturell ballast. Driftseining kultur vil jobbe med å betre den generelle forståinga for at dette krev kompetanse og skikkelege arbeidsvilkår, om ein skal ta arbeidet på alvor.

### **7.1.2 Mål**

- Bremanger kommune skal ha et rikt og variert kulturtildel for både organisert og uorganisert barn- og ungdom. Det skal sikrast gjennom eit samarbeid med dei frivillige organisasjonane i kommunen.
- Barn og unge skal vere delaktig i prosessane som påverkar deira livsvilkår, og deira mening skal til leggast vekt i den kommunale prosessen.
- Barne- og ungdomsarbeidarane i kultureininga skal ha gode arbeidsvilkår med moglegheit for å halde seg oppdaterte på endringar i ungdomsmiljøet. Det skal leggast til rette for kompetanseheving, både med interne og eksterne ressursar.
- Bremanger kommune skal i størst mogleg grad sette handling bak ungdommen sine innspel og konklusjonar.

## **7.2 Barne og ungdomsaktivitet**

### **7.2.1 Innhold**

Ungdomsaktivitetane er varierande, både når det gjeld tid på året, og kva for ein plass vi har aktivitetane på. Dei er opne til noko ulik tid dei ulike plassane i kommunen.

### **7.2.2 Mål**

- Å nå ungdom som ikkje brukar dei frivillige organisasjonane, og fungere som eit supplement til dei allereie eksisterande tilboda.
- Å utvikle ungdommen si evne til å samarbeide og respektere andre og seg sjølv.
- Å utvikle ein demokratisk haldning ved å gi rett til medverknad.
- Å gi erfaring til å arbeide saman i grupper, og der igjennom utvikle solidaritet, sjølvstende og samarbeidsvilje.
- Auke personellressursane.
- Meir attraktive aktivitetar retta mot barn og unge.
- I samarbeid med andre aktørar, sjå på andre aktivitetar i og utafor dei tradisjonelle ungdomsaktivitetane.
- Synleggjere behova for endring av innhald og type aktivitetar i ungdomsarbeidet.

## **7.3 Ungdommens kulturmønstring (UKM)**

### **7.3.1 Mål**

UKM skal stimulere og synleggjere ungdommen sine kulturelle aktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. UKM lokalt skal gi ungdom sjansen til å vise fram sitt kulturuttrykk i ei profesjonell ramme – opent for all ungdom.

Bremanger kommune skal arrangere mønstring lokalt, annakvart år i Svelgen og på Hauge.

## **7.4 European voluntary service (EVS)**

EVS programmet er underlagt BUFdir og EU sitt ungdomsprogram, i Noreg lagt under "Aktiv ungdom". Volontørane jobbar primært i kultureininga og har

hovudfokus på ungdoms- og miljøarbeid. Ordninga er finansiert via EU sitt ungdomsprogram.

Utvekslingsprogram for ungdom legg til rette for å møte ungdom frå Europa, i Bremanger og i utlandet. Gjennom desse ordningane skapar eininga aktivitetar som vi ikkje ville klart aleine.

#### **7.4.1 Mål**

- Meir meiningsfull fritid for barn og unge med spesielle behov.
- Auka opningstid og aktivitetsnivå i ungdomsaktivitetane.
- Gje ungdom i Bremanger spanande møte med ungdom frå andre delar av Europa.

### **8.0 Kulturminnevern**

---

Kulturarven utgjer vårt kollektive minne om tidlegare generasjonar sine samfunn og levekår. Mennesket har alltid sett spor etter seg i omgjevnadane. Spora kan ha ei anna tyding for oss som lever i dag, enn for dei menneska som sette dei.

For å sikre at kulturminnevernet i Bremanger blir teke vare på, blir det laga ein kommunedelplan for kulturminne i kommunen.

#### **8.1 Samarbeidspartnarar**

Bremanger kommune har eit fast samarbeid med fleire aktørar, både dei institusjonaliserte kulturminneforvaltarane i regionen, men og frivillige lag og grupperingar. I samband med kulturminneplanen vil vi evaluere samarbeidsformar og omfang av samarbeid mellom kommunen, frivillige aktørar og kulturminneinstitusjonane.

### **9.0 Idrett og friluftsliv**

---

#### **9.1 Turløyper og merking**

I Bremanger har vi eit stort mangfold av turløyper, frå løyper langs asfalterte bilvegar til bratte, utfordrande stigar. Kommunen og Keipen turlag har samarbeid om utforming av merkeprogrammet til turløypane. Merkeprogrammet følgjer dei sentralt oppsette standardane, som fleire og fleire kommunar har byrja å nytte seg av. Arbeid med merking ligg organisert under turistansvarleg.

#### **9.2 Bremangerhallen**

Bremangerhallen er mykje i bruk, med trening og aktivitet omtrent alle ettermiddagar og kveldar. Kapasiteten er høgt utnytta. Bruk av hallen vert teke hand om av eit hallstyre, mens kommunen har ansvar for rekneskapsføring, inn- og utbetalingar, samt ein del av vedlikehaldet. Bygget er utstyrt med eigen scene.

### **9.3 Svelgen Idrettshus**

Svelgen idrettshus er og mykje i bruk, med trening og aktivitet omlag alle dagar. Også i idrettshuset er kapasiteten fullt utnytta. Bruk av hallen blir ivaretatt av eit hallstyre, mens kommunen har ansvar for regnskapsføring, inn- og utbetalingar, samt ein del av vedlikehaldet.

### **9.4 Ballbingane**

Bremanger har ballbingar i dei fleste bygder, totalt sju stykk. Ballbingane i Svelgen, Ålfoten og Kalvåg eigast av idrettslaga i bygda, dei andre er i kommunal eige.

### **9.5 Andre idrett og friluftsanlegg**

For ei fullstendig oversikt over idrett og friluftsanlegg i Bremanger, sjå kommunedelplan for fysisk aktivitet.

### **9.6 Mål**

Bremanger kommune skal vere ein aktiv samarbeidspartner til beste for både den organiserte og den uorganiserte idretts- og friluftsaktiviteten, mellom anna gjennom tiltak sett i verk i samarbeid med turlag og idrettsråd.

Bremanger kommune skal ha fokus på å få fram gode spelemiddelsøknadar i samarbeid med lag og organisasjonar lokalt.

## **10.0 Kontakt med lag og organisasjonar**

### **10.1 Dei frivillige organisasjonane i Bremanger**

Bremanger har eit rikt organisasjonsliv, som er grunnleggjande viktig for at kulturlivet skal blomstre. Organisasjonslivet dekker eit bredt spekter av aktivitetstypar og skapar aktivitet i alle bygder og alle aldersgrupper.

Kommunen skal vere ein aktiv samarbeidspartner med dei organisasjonane som treng bistand i arbeidet sitt kring drift og utvikling. Det kan gjerast via kulturkontoret og/eller frivilligsentral.

### **10.2 Paraplyorganisasjonar**

Bremanger kommune oppfordrar dei ulike organisasjonane i kommunen til å sjå på nytta av å danne paraplyorganisasjonar/ overbyggande organisasjonar for å kunne lage møteplassar og få gode dialogar om felles problemstillingar.

### **10.3 Mål**

Bremanger kommune skal støtte opp om det frivillige organisasjonslivet, med prosjektmidlar og praktisk hjelp til mellom anna søkeradsskriving, samarbeid organisasjonane i mellom og organisering av aktivitetsåret. Kommunen skal vere med å tilby kompetansehevande kurs til lag og organisasjonar.

Bremanger kommune skal vere med å legge til rette for at organisasjonslivet framleis vil vere ein oppegåande og aktiv samfunnsaktør.

## **11.0 Bremanger sogenemnd**

---

### **11.1 Innhald**

Sogenemnda blei oppnemnd då kommunen hadde behov for ei nemnd som kunne stå for utgjeving av bygdebok og elles vere eit koordinerande organ for kommunen i lokalhistoriske saker.

### **11.2 Mål**

Gi ut allmennsoga for Bremanger.  
Vere høyringsorgan for saker med lokalhistorisk interesse.

## **12.0 Bremanger frivilligsentral**

---

### **12.1 Innhald**

Møte mellom behovet for hjelp og det frivillige som stiller som tilbyder.  
Legge til rette for gode møteplassar i nærmiljøet for å nytte dei frivillige ressursane betre.

### **12.2 Mål**

Etablere ein velfungerande frivilligsentral, med fysisk og administrativ plassering på rådhuset i Svelgen.  
Frivilligsentralen skal ha eit styre som er uavhengig av Bremanger kommune, og som legg føringane for drifta.

## **13.0 Samarbeidsfora**

---

Bremanger kommune ved driftseining kultur er med i Kulturnettverk Nordfjord, Kulturnettverk Sunnfjord, Norsk kulturforum, Norsk kulturskoleråd, Norsk bibliotekforening og Norsk Kulturarv.  
Desse samarbeidsfora er viktige informasjons- og kompetansekanalar for dei tilsette.

## **14.0 Handlingsplan**

---

Kva	År
Kulturskule Forprosjekt "Lokalar til kulturskule på Hauge"  Bibliotek Flytte inn i nye lokal på Hauge filial og gjøre det til ein naturleg møteplass, spesielt for ungdom på kveldstid Forfattarbesøk Lesestimulerande tiltak Foramlisert samarbeid med frivilligsentral  Ferdigstille kommunedelplan kulturminne Ferdigstille prosjekt «Aggregat Svelgen1»	2017

Gjennomføre ungdomsutveksling La Palma og Armenia	
Etablere frivilligsentral Legge til rette for aktivitetar i regi av volontørane i gml. gymsal.	
Kulturskule Ferdigstille "Lokalar til kulturskule på Hauge" Opprette stilling til Musikkterapeut i samarbeid med Helse. Starte opp integreringsprosjektet "Mange farger" i samarbeid med grunnskulane.	2018
Bibliotek Forfattarbesøk Lesestimulerande tiltak Auka opningstid ved begge biblioteka Utarbeide framdriftsplan for ferdigstilling av Grotle gamle gravplass. Lage prosjektplan for visningssenter Svelgen Gjennomføre ungdomsutveksling i Bremanger Søke om strategisk partnerskapsavtale EVS (3 årig)	
Arrangere ungdomsutveksling, vinter Inngå strategisk partnerskap innen EVS	
Kulturskule Forprosjekt "Lokalar til kulturskule i Svelgen" Opprette 40% stilling til dans	2019
Bibliotek Forfattarbesøk Lesestimulerande tiltak Auka stillingar ved begge biblioteka Gjennomføre ungdomsutveksling Styrke bemanning ved ungdomsaktivitetane  Starte prosjekt Grotle gamle gravplass	
Kulturskule Ferdigstille prosjektet "Lokalar til kulturskule i Svelgen" Opprette stilling til Teaterinstruktør	2020
Bibliotek Forfattarbesøk Lesestimulerande tiltak Revisjon av kommunedelplan for fysisk aktivitet Gjennomføre ungdomsutveksling	

## 16.0 Kjelder

---

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

[www.UKM](http://www.UKM)

[www.kulturvern.no](http://www.kulturvern.no)

[www.kulturskulerådet.no](http://www.kulturskulerådet.no)

[www.noku.no](http://www.noku.no)

**«Den kulturelle skulesekken i Bremanger, lokal plan»**

**Kommunedelplan fysisk aktivitet**

**Opplæringslova (LOV-1998-07-17-61)**

**Kulturlova (LOV-2007-06-29-89)**

**Folkebibliotekloven (LOV-1985-12-20-108)**

**Kulturminneloven (LOV-1978-06-09-50)**

**Film og Videogramlova (LOV-1987-05-15-21)**